

# Vedlegg 1

(til Planstrategi for Vik kommune 2020-2023)

## STATUS OG UTFORDRINGAR FOR VIK KOMMUNE

Dato: 15.01.2021



## Innhald

<b>1. Status og utfordringar som påverkar planbehovet.....</b>	<b>3</b>
<b>2. Samandrag.....</b>	<b>3</b>
<b>3. Folketalsutvikling .....</b>	<b>5</b>
<b>4. Flyktningar og integrering .....</b>	<b>7</b>
<b>5. Bustader .....</b>	<b>8</b>
<b>6. Samferdsle .....</b>	<b>11</b>
<b>7. Næringsutvikling og sysselsetting .....</b>	<b>12</b>
<b>8. Kommuneøkonomi.....</b>	<b>14</b>
<b>9. Offentlege tenester: Helse og velferd, oppvekst og kultur .....</b>	<b>14</b>
<b>10. Samfunnstryggleik, klima og miljø .....</b>	<b>16</b>
<b>11. Folkehelse.....</b>	<b>17</b>
<b>12. Kommunereform og Regionreform.....</b>	<b>18</b>



## 1. Status og utfordringar som påverkar planbehovet

For å kunne gjera ei god prioritering av kva kommunale planar som skal utarbeidast eller rullerast/reviderast er det viktig å ha ei oversikt over utviklingstrekk og utfordringar som er relevante for kommune sitt planverk.

Både *Folkehelseoversikt 2019*, *Økonomiplan 2020-2023* og *Årsmelding for tenesteeiningane 2019* gjev oversyn over status og utfordringar for Vik kommune. Desse dokumenta er nytta som kunnskapsgrunnlag.

## 2. Samandrag

### Folketalsutvikling

Folketalet har gått ned sidan førre planstrategi og folketalsframskrivningar frå SSB tilseier at dette kjem til å halda fram. Dei underliggende demografiske trekka med vedvarande fødselsunderskot og aukande andel eldre gjer at berre tilflytting kan gje auke i folketalet i tida framover.

### Flyktningar og integrering

I tilråding frå statleg hald som kom i oktober 2019, var ikkje Vik kommune med på lista over dei som fekk tildelt fleire flyktningar.

### Bustader

Kommunen har jobba systematisk i høve variasjon av eigna bustadtomter dei siste åra. Per juni 2020 har kommunen eit variert tomtetilbod for både leilegheiter og einbustader og det er tilgjengeleg bustadtomter i alle bygdene. Det er viktig å ha tilgjengeleg areal til bustadformål.

### Samferdsle

Breidbandsdekning har vorte vesentleg betre, store deler av kommune har fiberløyising tilgjengeleg. Goteviktunnelen er ferdig hausten 2020 og gjev rastrygg veg mellom Vik og Vangsnes. Det er fortsatt uløyste kommunikasjonsutfordringar knytt til rv. 13 og Vikafjellstunnelen, rasfare på fylkesveg 5600 Vik – Arnafjord og fylkesveg 5602 Feios – Fresvik. I tillegg kjem låg ferjefrekvens for ferjesambandet ved Vangsnes kombiner med dårleg vegstandar på rv. 55 Hella – Leikanger. Det er viktig å styrke samferdsletiltak som gjer Vik kommune til ein del av ein større BAS-region.

### Næringsutvikling og sysselsetting

Det er høg grad av sysselsetting i kommunen. Vik kommune har eit mangfaldig og robust næringsliv. Landbruksnæringa er viktig del av næringslivet. Framtidig utvikling med skeiv aldersfordeling kombinert med nedgang i innbyggjarar i arbeidsfør alder gir utfordring knytt til rekruttering.



### **Kommuneøkonomi**

Terra-saka er avslutta. Disposisjonsfondet vert tappa vesentleg i dei neste åra i økonomiplanperioden om ikkje fleire tiltak vert vedtekne. Driftsbudsjetta er knytt til kraftinntektene som for tida er låge, dette gir ein vanskeleg økonomisk situasjon. Kommunen gjer eit stor løft ved å realisere VHO-prosjektet, noko som fører til at ambisjonsnivået på andre området må reduserast til etter denne økonomiplanperioden.

### **Offentlege tenester**

Helse og velferd:

«Eldrebølgen» gir utfordringar for helse- og velferdssektoren når det gjeld rekruttering og drift. Realisering av VHO-prosjektet vil opna opp for ein framtidsretta bruk av ressursane i helsesektoren. Det er auka krav til kommunale helsetenester.

Oppvekst og kultur:

Prognosar viser at talet barn i alder 1-15 år går ned dei neste fem åra. Hausten 2020 er skulestrukturen endra slik at det er to 1-10 offentlege skular i kommunen: Feios skule og Flatbygdi skule. Hausten 2020 vert det bygd ein ny modul-barnehage i Feios.

Kulturskulen og det frivillige musikklivet i Vik held til i Notestova. Notestova er i ferd med å nå ein alder og tilstand som krev enten større tiltak eller at funksjonane vert flytte til meir eigna lokale.

### **Samfunnstryggleik, klima og miljø**

Store deler av kommunen ligg innanfor aktsemdområde for skred og/eller flaum. All aktivitet i strandsona må sjåast i samanheng med venta havnivåstigning og stormflo. Det er også auka fokus på miljømål for vassdraga i kommunen. Ved revisjon av arealplanar er det viktig å få fletta inn oppdatert informasjon. Landbruk er viktig næring i kommunen; dyrka og dyrkbar jord må forvaltast med varsemd.

### **Folkehelse**

Vik kommune har fire hovudfokus:

Sosial ulikskap, oppvekst- og levekår, fysisk aktivitet og aldrande befolkning.

### **Kommunereform og regionreform**

Vik held fram som eigen kommune medan landskapet rundt oss er i endring; nabokommunar har slege seg saman og Sogn og Fjordane og Hordaland er slegne saman til Vestland Fylke.



### 3. Folketalsutvikling


Hovudmål i Samfunnsdelen til kommuneplan av 2012 er å snu folketalsutviklinga. Målet er 2800 innbyggjarar i 2024. Site oppdatering frå SSB seier at folketalet i kommunen per 31.12. 2019 er 2 635 innbyggjarar.

Registrert utvikling sidan 2012 (2 748 personar) fram til utgangen av 2019 viser at vi har hatt ein nedgang i folketalet på 113 personar. SSB sine folketalsframskrivingar/prognosar tyder på at den negative folketalsutviklinga i kommunen kjem til å halda fram med forventa 2 516 innbyggjarar i 2025 og 2 344 innbyggjarar i 2040.

«Terskelsamfunn»

Innbyggjartalet i bygdene Arnafjord og Fresvik nærmar seg ein kritisk terskel når det gjeld folketal. Frå hausten 2020 vart den offentlege skulen lagt ned. I Fresvik er det starta opp privat barneskule, med oppstart for elevane hausten 2020. Dersom folketalet går ytterlegare ned kan grunnlaget for fleire viktige fellesfunksjonar verta for lite. Det er derfor viktig å ha eit særskilt fokus på folketalsutviklinga her.

Søylediagram under viser utviklinga frå januar 2012- januar 2020.






Folketalet i Vik kommune fordelt på grunnkrinsar:

### 3.4.6 Befolkningsmengder per bygd / kring

	01.01.2007	01.01.2019	31.12.2019	Utvikling	
				Sidan 2007	I 2019
Flatbygdi (Seim, Viksøyri, Strendene, Hove)	1 374	1 378	1365	-9	-13
Dalane (Seljedalen, Ovrisdalen, Bødalen)	474	384	389	-85	5
Fresvik (Fresvik øvre, Fresvik nedre)	237	208	198	-39	-10
Feios (Feidje, Tjønn)	239	245	241	2	-4
Vangsnes	341	316	306	-35	-10
Arnafjord (Framfjorden, Arnafjorden, Finden)	170	141	136	-34	-5
<b>Heile kommunen</b>	<b>2 835</b>	<b>2 672</b>		<b>-163</b>	<b>-37</b>



*Geografisk fordeling av innbyggjarane i Vik kommune, 2019.  
Illustrasjon henta frå folkehelseoversikten.*



### Folketalsframskrivingar

Folketalsframskriving for Vik kommune etter aldersgruppe viser at den einaste aldersgruppa som har forventa vekst fram mot 2040 er gruppa «67 år og eldre».

Aldersgrupper	2019	2040	Endring
0-15 år	474	340	-134
16-66 år (yrkesaktive)	1 585	1 274	-311
67 år og eldre	613	730	117
Innbyggjarar	2 672	2 344	-328

Dei underliggjande demografiske trekka med vedvarande fødselsunderskot og aukande del eldre gjer at berre tilflytting kan gje auke i folketalet i tida framover. Sentraliseringstrenden er ei sterk trend som er vanskeleg å motarbeide. I tidlegare Sogn og Fjordane ser vi eit hovudmønster der «bygdebyane» (Førde, Sogndal) har folketalsvekst medan fleire kommunar med same folketalsstorleik som Vik kommune har nedgang i folketalet.

Det tidlegare bu-lystprosjektet «Velkomen til Vik» vart avslutta hausten 2016. Det har ikkje vorte jobba med tilsvarande prosjekt i kommunal regi etter det. I tida framover må kommunen halde fram med å legge til rette for tilflytting.

I Vik kommune er 23% av innbyggjarane over 67 år (2019). Dette er høgt samanlikna med tal for Sogn og Fjordane (17%) og andre samanliknbare kommunar. Folketalsframskrivingar viser at aldersgruppa «67 år og eldre» er den einaste aldersgruppa i kommunen som har vekst fram mot 2040.

## 4. Flyktingar og integrering

Vik kommune har dei siste åra teke imot mange flyktingar. Gjennom organisering og bemanning er det lagt opp til at Vik skal vera ein stor busetjingskommune. Busetjing av flyktingar er eit tiltak mot folketalsnedgangen og det var ei av hovudsatsingane i tilflyttarprosjektet «Velkomen til Vik». I 2016 og 2017 var det folketalsauke i kommunen, som eit direkte resultat av denne strategien. Med dei signala som no er komne i høve busetjing av flyktingar framover må ein gå vekk i frå denne strategien og både organisering og bemanning må reduserast.

I 2018 bestemte «Nasjonalt utval for bosetting» å endra kriteria for å vera ein busetjingskommune. Det vart lagt avgjerande vekt på storleik, og ingen kommune under 5 000 innbyggjarar vart spurde. Andre faktorar er sysselsetjingsnivå, kommunen sine resultat i introduksjonsprogrammet over tid og sterk nedgang i flyktingstraumen som kjem til Noreg. I tilråding frå statleg hald som kom i oktober 2019, var ikkje Vik kommune med på lista over dei som fekk tildelt fleire flyktingar.



I førre planperiode vart det, i samsvar med Planstrategien for Vik kommune 2016-19, utarbeidd «Temaplan for busetjing og integrering av flyktningar 2017-2019, Vik kommune».

## 5. Bustader

Bustadmassen i Vik er ikkje godt tilpassa faktisk husstandsstorleik og venta utvikling mot fleire små husstandar. I høve tal frå SSB (<https://www.ssb.no/kommunefakta/vik>) er det i snitt 2,22 bebuarar per hushald i Vik i 2019. Samstundes er det, same året, registrert totalt 1 331 einebustader og berre 56 leilegheiter. Dette kan tyde på at det er for få småbustader som leilegheiter/rekkehus i høve til tal einebustader. Det er også for få bustader til leige. Mangel på eigna bustad kan vera ein flaskehals og eit hinder for tilflytting.

Hovudmålet i kommuneplanen (2012) var å snu ein negativ folketalsutvikling, med konkret målsetting om 2 800 innbyggjarar i 2024. Nødvendig auke i tilflytting for å nå dette målet medfører eit samla behov for 18-20 bustader per år i planperioden fram til 2024. I plansamanheng blir det lagt til grunn ei fordeling mellom einebustader og småbustader.

I gjeldande kommuneplan er det lagt opp til nye utbyggingsområde for einebustader på Vangsnes som avlasting for Vik sentrum/Flatbygdi. I kommunesenteret, Vik, er Tenål framtidig bustadområde for einebustader medan bygging av konsentrerte småbustader skal skje som fortetting i Vik sentrum. Det er også lagt opp til at det skal vera tilgjengeleg einebustadtomter i Arnafjord, Feios og Vangsnes.





**Ledige tomter for einebustader. Status per mars 2020.**

Vik, kommunesenter	<p>Kommunale tomter: 15 tomter på Tenål. «Tenål» <a href="#">Plan-ID: 1417-2014002</a>.</p> <p>Private tomter: 2-3 i området Tenål-Følid. Eit fåtal i sentrumsområdet. «Følid bustadfelt 5/18» <a href="#">Plan-ID: 1417-2009005</a>.</p>
Arnafjord	<p>Kommunal tomt: 1 tomt på Ådlane. «Odlane Framfjord» <a href="#">Plan-ID: 1417-1979004</a>.</p> <p>Private tomter:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>«Åseberget, Indrefjorden» <a href="#">Plan-ID: 1417-2006002</a>. Tomter regulert til fritidshus og heilårsbustad. 8 ledige tomter.</li> <li>«Hagen, Indrefjorden» <a href="#">Plan-ID: 1417-2006004</a>. Tomter regulert til fritidshus og heilårsbustad. 5 ledige tomter.</li> </ul> <p>Området «Ådlane 2» (B1) er sett av til bustad i KPA14.</p>
Vangsnes	<p>Kommunale tomter: 11 tomter i Trona. «Tråna 2» <a href="#">Plan-ID:1417-2011006</a>.</p> <p>Private tomter: 3 tomter i Trona.</p> <p>I KPA14 er det sett av store område (B5, B7 og B8) til bustadformål med krav til regulering.</p>
Feios	<p>Kommunale tomter: 2-3 tomter i «Rinde 2». «Rinde II Bustadfelt i Feios» <a href="#">Plan-ID: 1417-1997002</a>.</p> <p>Private tomter: Ingen kjende.</p> <p>Vik kommune er i gang med ei detaljregulering i område Rinde og Fedjane: Målet er å få 3 bustadtomter og 5-7 tomter regulert til kombinert formål fritidsbustad/bustad.</p>
Fresvik	<p>Kommunale tomter: 3 tomter i området Grundeland. «Grundeland Bustadfelt Fresvik» <a href="#">Plan-ID: 1417-2002001</a>.</p> <p>Private tomter: 2 private tomter. «Høgheim Bustadfelt i Fresvik» <a href="#">Plan-ID:1417-1997001</a>.</p>



### Byggeområde for konsentrerte småhus.

I sentrumsområdet i Vik er det i KPA14 sett av fleire område til konsentrert bustadbygging med minstekrav til utnytting 2,5 bustader/daa.



*KPA14 definering av Vik sentrum er vist med raud stipla strek. Innanfor avmerka området skal det leggjast til rette for konsentrert bustadbygging (2,5 bustad/dekar).*

Område	Status	Ca. tal bustader
Galilea	Vedteken detaljregulering. «Galilea» <a href="#">Plan-ID:1417-2014005</a> . Grunneigar er Opplysningsvesenets Fond	12-15
Øenmarki	Vedteken detaljregulering. «Øenmarki» <a href="#">Plan-ID:1417-2016004</a> . VK som grunneigar har avtale med Røyrvik Bygg og Betong as om sal av tomteareal og utbygging.	5 bustader ferdig i 2019. Framtidig byggesteg: 15
Sæbø 2	Vedteken detaljregulering. «Sæbø 2» <a href="#">Plan-ID:1417-2015004</a> . Privat plan og privat grunneigar.	50-60
Ara	I KPA14 er det sett krav til detaljregulering. Privat grunneigar.	10-15



## Vurdering

Planperioden for arealdel til kommuneplanen er sett til å vera 2013-2024. Det er sett av tilstrekkeleg areal til bustadbygging fram til 2024. Erfaringa er at det tek lang tid frå kommuneplan til byggeklare tomter. Det må haldast eit kontinuerleg fokus på å legge til rette for byggeklare tomter i rett tid.

Det er etter kvart kjent at tomte- og bustadmarknaden fungerer dårleg i mindre kommunar/samfunn. Erfaring viser at kommunen må ta ein aktiv rolle for å hindre at tomte- og bustadmangel vert ein flaskehals for utvikling.

Med bakgrunn i tidlegare erfaringane vart det i *Planstrategi for Vik kommune 2016-19* lagt opp at Vik kommune skulle gå i gang med revisjon av arealdelen.

I 2018 vart planprogrammet for revisjon av arealdelen (KPA) vedteken og det vart varsla oppstart av revisjon av KPA der hovudfokus skal vera areal til *bustad og næring*. Arbeidet med å fullføre revisjonen av arealdelen skal halda fram i noverande planperiode. I samband med revisjonen av KPA skal det utarbeidast eit eige kunnskapsgrunnlag som gjer greier for eksisterande og framtidig trong for bustadareal i kommunen. Kunnskapsgrunnlaget erstattar trongen for ein eigen bustadpolitisk handlingsplan.

## 6. Samferdsle

Samferdsle og kommunikasjon er kanskje den største utfordringa for Vik kommune. I kommuneplanen sin samfunnsdel (2012) er det peika på fylgjande utfordringar:

- Usikker rv. 13 over Vikafjellet.
- Dårlig ferjefrekvens og inga nattferje til/frå Vangsnes.
- Rasutsett rv 13 Vik- Vangsnes og fv 92 Vik-Arnafjord (fv 5600 frå 2020).
- Mangelfull mobildekning og dårleg breibandsdekning i deler av kommunen.

Goteviktunnelen mellom Vangsnes og Vik er under bygging med forventa opning haust 2020. Det vil gi trygg veg mellom Vik og Vangsnes.

Breibandsdekninga har vorte vesentleg betre, det er etablert fiber i Arnafjord, deler av Vik sentrum, Vangsnes, Feios og Fresvik. Vidare er det på gang utbygging i dalane i Vik og resterande deler av Vik sentrum. Etter dette er det Finden og Simlenes som står att utan fiberløysing.

Mobildekninga er ikkje tilfredstillande for deler av kommunen. Kommunen jobbar aktivt med å rette dette før koparnettet til Telenor vert lagt ned.

Trass i desse positive utviklingstrekka er det framleis uløyste kommunikasjonsutfordringar i 2020:



- Rv 13 - Vikafjellstunnelen:  
Det ustabile sambandet sørover mot Voss er sett på som ei stor hindringa for ei meir positiv utvikling av lokalsamfunnet. Ved rullering av NTP våren 2017 fall Vikafjellstunnelen ut av prioriteringa. Det vert jobba aktivt for å få tunnelen inn att i NTP.  
I samband med etablering av nye Vestland fylke med to-delt administrasjonssenter vert aksene Leikanger-Bergen viktig og Vikafjellet/Vikafjellstunnelen er ein del av denne aksene.
- Fv 5600 Vik – Arnafjord:  
Vegen er rasutsett. Erfaringa med meir ekstremver tyder på hyppigare rashendingar og stengingar i samband med fare for ras.
- Fv 5602 Feios – Fresvik:  
Vegen er rasutsett. Erfaringa med meir ekstremver tyder på hyppigare rashendingar og stengingar i samband med fare for ras.
- Ferjefrekvens ved Vangsnes ferjekai, kombinert med punktet under.
- Rv 55 Hella – Leikanger ligg ikkje i Vik kommune men er likevel viktig:  
Vegen Hella – Leikanger er viktig for at Vik kan verta ein del av ein større bu-, arbeids- og serviceregion (BAS-region). Både Leikanger og Sogndal er mogelege pendledestinasjonar for vikjar. Sogndal er regionsenteret i Sogn og skuleplass for største delen av dei vidaregåande elevane frå Vik. I samband med etablering av nye Vestland fylke med to-delt administrasjonssenter vert aksene Leikanger-Bergen viktig og rv. 55 Hella-Leikanger er ein del av denne aksene.

## 7. Næringsutvikling og sysselsetting

Både Folkehelseoversikt 2019 og Økonomiplanen viser til høg grad av sysselsetting i kommunen. Sysselsettingsgraden er mellom dei høgaste i landet. Kommunen har gjennom dei siste 20 åra hatt stabilt, låg registrert arbeidsløysa. Under «koronanedstenginga» i mars, april og mai 2020, viste statistikken at arbeidsløysa i Vik kommune var svært låg i høve andre kommunar i sogneregionen. Truleg har dette samanheng med både eit mangfaldig og robust næringsliv.

Utfordringa i Vik har vore å rekruttere nye folk med rett kompetanse til stillingar både i offentlege og private verksemder.

Kommunen har ei utfordring når det gjeld nedgang i folketalet kombinert med skeiv aldersfordeling. Dette resulterer i at ein stor del av arbeidsstyrken i kommunen er på veg inn i pensjonsalder samtidig som det er forventet ein framtidig reduksjon i talet på innbyggjarar i arbeidsfør alder.



**Landbruk:**

Landbruksnæringa er viktig for landskap, identitet («gamalost og bringebær – kommunen»), sysselsetning og busetnad i heile kommunen. Ei utfordring no er at mjølkeproduksjonen, som står for 50% av verdiskapinga i landbruket i Vik, er i sterk endring. Tal gardsbruk med kyr har gått ned frå 90 til 27 dei siste 20 åra, og no er det også er stor nedgang i den totale produserte mjølkemengda. Kommunalt næringstilskot og jordvern har til ein viss grad motverka utviklinga.

**Bu-, arbeids- og service region:**

Det er viktig for utviklinga i Vik å verta del av ein større bu-, arbeids- og service region (BAS-region). Vik kommune utgjør no ein relativt avgrensa arbeidsmarknad, med noko utveksling med ein større BAS-region på nordsida av Sognefjorden. Balestrand og Leikanger ligg innanfor 45 min. reisetid frå sentrale deler av Vik kommune. Opning av Goteviktunnelen vert positivt i høve utviding av sams arbeidsmarknad i Sogn. Ei framtid med Vikafjellstunnelen og oppgradering av vegen Hella- Leikanger, kombinert med hyppigare ferjeavgangar ville gitt oss tilgang til ein større BAS-region, enten det er Vossa-regionen eller Sogn.

**Kommunalt næringsareal – tilgjengeleg næringsareal?**

Kommunen har berre mindre, kommunalt eigd, næringsareal tilgjengeleg, noko som kan vera ein flaskehals for utvikling.

Planprogram for revisjon av kommuneplanen sin arealdel er vedteken. I planprogrammet er det sagt at det er behov for å avklara framtidig areal for næringsformål. I samband med revisjon av arealdelen er det derfor lagt opp til at det skal utarbeidast ein «behovsvurdering for næringsareal».

**Byggeaktivitet i Vik kommune:**

I førre valperiode var det stor byggeaktivitet knytt til veganlegg og rassikring. I inneverande valperiode vert det mindre anleggsaktivitet men kommunen har nokre større byggeprosjekt på gang:

- Vik helse- og omsorgssenter: ombygging og nybygg, totalt bruttoareal ca. 9150m<sup>2</sup>. Forventa byggestart hausten 2021.
- Klokkarvegen utleigebustader: 6 bueinignar (bruttoareal ca. 600m<sup>2</sup>) eller eventuelt 4 bueiningar. Forventa byggestart i valperioden.
- Oppgradering av VA-leidningsnett i samsvar med snart vedteken kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø.

I tillegg er det fortsatt ein del skogreisingsskog planta på 1950-talet og seinare som er hogstmogen, og det er fortsatt behov for å byggja fleire km med skogsbilveggar og traktorveggar.



## 8. Kommuneøkonomi

Dei økonomiske rammevilkåra for Vik kommune er framleis krevjande også i denne planperioden.

Kommunen har hatt nokre år med tilbakebetaling etter Terra-saka, som har redda rekneskapen med mellom kr 8,5 mill. (2019) og over 12 mill. (2018) dei siste åra. Likevel har ikkje kommunen fått vesentlege mindreforbruk. Denne saka er no avslutta og det kjem difor ikkje meir pengar tilbake i åra framover. Disposisjonsfondet er på om lag kr 33 mill., men bli tappa vesentleg dei neste åra i økonomiplanperioden om ikkje fleire tiltak vert vedteke.

Driftsbudsjetta er knytt tett opp til kraftinntektene og situasjonen i 2020 er historisk låge kraftpriser, som gjer at kommunen får vesentleg mindre å bruke til drift. Dette påverkar fleire av åra i økonomiplan, slik at revidert budsjett 1. tertial 2020 synar ein vesentleg vanskelegare økonomisk situasjon enn det som var situasjonen hausten 2019. Kommunen gjer også eit stort løft i denne økonomiplanperioden med å få VHO-prosjektet realisert, slik at også Vik kommune kan drive eit så effektivt pleie- og omsorgstilbod som mogeleg. Dette vil sjølvstøtt bety at ambisjonsnivået på andre områder må reduserast til etter denne perioden. Lånegjelda pr. innbyggjar ligg på gjennomsnittet i Sogn og Vestland, men beveger seg opp på lista.

Dei økonomiske bildet bør vere med når ambisjonsnivået for planarbeid i kommunen vert sett. Plan- og forvaltningsavdelinga har vore råka av reduksjonar dei siste åra grunna behov for kostnadsreduerande tiltak. Kapasiteten er difor avgrensa når det gjerne er berre eitt årsverk som jobbar innanfor dei ulike områda. Det å kjøpe ekstern plankapasitet vert eit kostnadsspørsmål, som må sjåast i samanheng med budsjett kvart år.

## 9. Offentlege tenester: Helse og velferd, oppvekst og kultur

### Helse og velferd:

I kommunen er det venta ein auke på talet eldre over 67 fram mot 2040. Fleire eldre, også kalla «eldrebølgen», er eit nasjonalt fenomen, og det er derfor også nasjonalt fokus på korleis samfunnet skal handtere utfordringa og legge til rette for fleire eldre. Eit døme på dette er Håndboka «Aldersvennlig stedsutvikling» utgitt av Sintef og helsedirektoratet (2019). Folkehelseinstituttet forventar at det samtidig vert ein auke i demens-lidingar. Dette kan på sikt utløyse behov for fleire stillingar i sektoren, i tillegg til betre bruk av ressursane.

Deler av bygningsmassen ved Vik bygde- og sjukeheim (VBS) er i ferd med å nå ein alder og tilstand som krev større tiltak. I førre valperiode vart det jobba målretta med å få ein heilskapleg plan for utvikling av VBS, kommunale omsorgsfunksjonar og omsorgsbustader. Kommunestyret vedtok i 2017 «Tiltaksplan for helse og omsorg 2017-2026» (Norconsult). Tiltaksplanen er grunnlaget for det pågåande prosjektet for Vik helse- og omsorgssenter, også kalla VHO. Prosjektet omfattar nær alle tenesteeiningane i sektoren. Det er både eit byggeprosjekt og eit utviklingsprosjekt. Prosjektet vil strekke seg inn i inneverande valperiode med forventna byggestart hausten 2021. I både



programmerings- og prosjekteringsfasen er det jobba med å finne ein god balanse i tilhøve mellom institusjonsplassar, omsorgsbustader og heimebasert omsorg. Det nye VHO vil opne opp for ein framtidsretta og god bruk av ressursane i helsesektoren.

Krav til kommunal tenesteyting vart større etter samhandlingsreforma i 2012. Dette gjaldt særskilt ansvarsfordeling mellom spesialisthelsetenesta og kommunale helsetenester når det gjeld innlegging og somatisk behandling. I dei seinare åra har forventningar til kommunale tenester auka også når det gjeld psykisk helse. Det er også forventa styrking av tilbod til barn og unge, bruk av velferdsteknologiske løysingar og rehabilitering for å nemna nokre felt.

### Oppvekst:

SSB sine prognosar (henta frå kapittel 4.4 i Økonomiplan 2020-2023) av tal barn i aldersgruppa 1-15 år fram til år 2025 syner:

Aldersgruppe	2020	2025	Endringar
1-5 år: barnehage	127	111	-16
6-12 år : barneskule	226	179	-47
13-15 år: ungdomsskule	95	87	-8

I 2018 (saknr 088/18) vedtok kommunestyret i Vik å leggja ned Vangsnes, Valsvik og Fresvik skule. Flatbygdi skule og Feios skule held fram som 1-10 skule. I 2019 vedtok kommunestyret at Vangsnes, Valsvik og Fresvik skal leggjast ned frå hausten 2020. I Fresvik er det starta opp privat barneskule, med oppstart for elevane hausten 2020. Barnehagestrukturen var ikkje ein del av denne prosessen.

I 2020 vert Feios skule og barnehage utvida med eit nytt bygg som skal nyttast til barnehage. Utover dette tilseier utviklinga i barnetal at det ikkje er behov for større nybygg i skular og barnehagar. Endringa i skulestruktur gjer at det vert ledig kapasitet i Valsvik skule og på Vangsnes skule. Deler av bygga held fram som barnehagar, medan areala som vart nytta til skule vert ledige frå og med hausten 2020. I Fresvik har kommunen leigd ut den delen av skulebygget som ikkje er nytta til barnehage til privatskulen Enspire frå og med hausten 2020.

Kommunedelplan for skule vart vedteken i 2014. Barnehagar er ikkje handsama i planen og må innarbeidast i revidert plan i valperioden. Endra skulstruktur må også inngå i revidert plan.

I 2015 vart det starta opp eit planarbeid for å avklara nye lokale for Kulturskulen og det frivillige musikklivet i Vik. Kulturskulen held til i «Notestova», og huset er også arena for det frivillige musikklivet i kommunen. Notestova er i ferd med å nå ein alder og tilstand som krev enten større tiltak eller at funksjonane vert flytte til meir eigna lokale. Det vart gjort eit forstudie i 2015: «Kulturarenaer for framtida i kommunesenteret i Vik». Forstudiet var grunnlag for vedtak i kommunestyret (saknr. 092/15). KS – vedtak:



Vik kommune greier ut tre alternativ med tanke på framtidig plassering av Kulturskulen og øving/konsertlokale for det frivillige kluturliv. Dette er dei tre alternativa:

1. Samla utbygging om Flatbygdi skule
2. Samla utbygging/ombyggin Vikjahalli
3. Delt løysing Vikjahalli/skulen.

Notestova vert avvikla som kulturbygg og staden/bygget vert omdisponert til andre føremål når anna løysing er på plass.

Planarbeidet frå 2015 har stoppa opp, og det fører til at framtida til Notestova er uavklart.

## 10. Samfunnstryggleik, klima og miljø

### Naturfare og klimatilpassing

Store område i kommunen er aktsemdområde for skred og /eller flaum. For nokre område er det fastsett reelle farseoner (etter Tek 17) for skredfare. Nokre bygningar ligg i faresoner med høgare risiko enn det bygningstypen tilseier. I samband med planarbeidet for detaljregulering for Blix hotell m.m. vart det utarbeidd eit nytt flaumsonkart for nedre del av Flatbygdi. Omsyn til stormflo og venta havnivåstigning er i vareteke i eksisterande arealdel til kommuneplanen. Ved revisjon av arealdelen skal oppdaterte data når det gjeld både skred, flaum, havnivåstigning og stormflo leggjast inn.

### Ureining

I 2007 kom den norske Vannforskriften, som gjer EU sitt vassdirektiv til norsk rett. Regional plan for vassforvaltning 2016-2021 (vedtak Fylkestinget des.15) set miljømål for kvar vassførekomst. Målet er god økologisk og kjemisk tilstand i alle vassførekomstar innan 2021. Regulerte vassdrag kan få lengre frist og har noko tilpassa miljømål.

Dei to regulerte vassdraga Vikja og Hopra har ikkje tilfredsstillande vasskvalitet, på grunn av tidvis svært låg vassføring og ureiningspress frå aktivt landbruk og urensa kloakkutslepp. Vikja er nasjonalt laksevassdrag. Dårleg vasskvalitet medverkar til høgt tap av smolt.

Vik kommune har kravd revisjon av konsesjonsvilkåra, der minstevassføring er eit sentralt tema. Auka vassføring vil betra elvane si sjølvreinsande evne.

Rapport frå Bioforsk (2013) om tilførsel av næringsstoff frå landbruk i Vikja og Hopra vart laga på oppdrag frå Vik Kommune. Kommunen har fylgd opp tiltakspunkt påpeika i rapporten. Kommunen jobbar no med andre tiltak i heile kommunen som skal betre vasskvaliteten jf. tiltaksplan i regional plan for vassforvaltning 2016-2021 og 2022-2027. Tiltak som gjeld spreidde avløpsanlegg er blant dei viktigaste.





Tiltak for å redusere ureiningspress frå avløp bør omtalast i ny hovudplan for avlaup og vassmiljø.

### **Naturmiljø**

Landbruk er og vil vera ei viktig næring i Vik kommune. Dyrka og dyrkbar jord må forvaltast med varsemd. Temaplan «Kjerneområde landbruk» er snart ferdig revidert og vert eit grunnlag for revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

### **Branntryggleik på Vikøyri**

Det tettbygde strandsitjarmiljøet på Vikøyri er sårbart for brann. Plan for eit felles varslingsystem og ein innsatsplan for brann bør utarbeidast i samarbeid med Sogn Brann og Redning.

## **11. Folkehelse**

I 2019 vart Folkehelseoversikt for Vik kommune utarbeidd. I folkehelseoversikten er det lagt vekt på fire hovudfoks for kommunen :

- **Sosial ulikskap**  
Ei rekke samfunnsforhold påverkar folkehelsa. Statistikken viser at dei med høg utdanning og god økonomi har best helse. Ei utjamning av dei sosiale helseforskjellane gjev eit stort potensiale for betring av folkehelsa. Det er komplekse utfordringar som krev samansette løysingar.
- **Oppvekst- og levekår**  
Å lukkast med eit utdanningsløp er viktig for heile vaksenlivet. I Vik må vi sjå faktorane i samanheng med overgangen til vidaregåande skule og tidleg hybelliv. Statistikken viser at ungdommane frå Vik i svært stor grad lukkast med å fullføre vidaregåande skule. Ein god oppvekst gir større sjanse for at ein er rusta til å fullføre eit utdanningsløp og kan også vera avgjerande for om ein vel å busetja seg i kommunen i vaksen alder.
- **Fysisk aktivitet**  
Helsegevinsten med å auke fysisk aktivitet er dokumentert. Det er viktig å legg til rette for fysisk aktivitet for alle aldersgrupper og ha fokus på kvardagsaktiviteten.
- **Aldrande befolkning**  
Aldersgruppa er i vekst i kommunen. Regjeringa peikar på at det tydeleg kopling mellom eldre si helse og staden der dei bur. Målet er at eldre skal klare seg sjølv så lenge som mogeleg. Samfunnet må legge til rette for ei utvikling med tilpassa helsetenester, gode nærmiljø med fysisk tilrettelegging, eigna bustader og etablere sosiale møteplassar.



## 12. Kommunereform og Regionreform

Vik held fram som eigen kommune, men landskapet rundt oss endrar seg. Balestrand, Leikanger og Sogndal er slegne saman, det same er Voss og Granvin. Nye Vestland fylke er ein realitet frå 01.01.2020. I nye Vestland fylke er det totalt 43 kommunar, der Bergen ligg på toppen når det gjeld folketal med 281 976 innbyggjarar pr. 01.07.2019 og Modalen ligg nedst med 382 innbyggjarar. Vik kommune er nr. 32 på denne lista.

Vik kommune er dermed ein av dei mindre kommunane når det gjeld folketal i Vestland fylke. Det vert viktig å fylgja med på regionale prosessar, og koma på banen når avgjerder skal takast i det nye fylke.

